

# Grind.no - dørøpnar for kunnskap og lokal identitet

Kulturhistorisk og Naturhistorisk vegbok for Hordaland er ein kunnskapsskatt som er eineståande i nasjonal samanheng. Gjennom [grind.no](http://grind.no) er no desse vidareutvikla i digitalt og dynamisk format, mellom anna med interaktive kart med GPS og ulike søkefunksjonar. Grind er tufta på eit responsivt nettdesign, dvs. tilpassa ulike leseplattformer som pc, nettbrett og mobiltelefon, ein viktig føresetnad for bruk i ulike situasjonar. Den nye versjonen blei lansert desember 2016. Universitetsmuseet/ UiB har no ansvaret for drift og vidare utvikling.

Hovudmåla for denne vidareutviklinga er todelt: både utvide innhald og funksjon, og ikkje minst få denne kunnskapsressursen til å bli teke aktivt i bruk av ålment interesserte; hordalendingar, tilreisande, barn, unge og folk frå andre delar av landet. Det er no tilsett ein webredaktør og etablert utviklingsgrupper som har ansvar for desse oppgåvene. Det betyr og at den engelske versjonen blir fullført, og at meir innhald blir lagt til som t.d. artiklar, publikasjonar (Folgefonnboka) og historiske foto.

Det er naturleg å vidareføre utviklinga av grind.no saman med Hordaland fylkeskommune som i si tid var initiativtakar til Kulturhistorisk vegbok og som var starten på dette felles formidlingstiltaket.

## Mål

Vi vil i samarbeid med fylkeskommunen nytte grind.no som ein digital dørøpnar til kunnskapen om landskapet i Hordaland både for fylket sine egne innbyggjarar og for andre. Det er ein open digital ressurs, gratis for alle, om Hordalands si kultur og naturhistorie, og om samanhengen mellom desse. Grind.no skal vere ein nøkkel til å gå ut og finne denne kunnskapen som ligg i landskapet og i miljøa lokalt. Med dette vil vi:

- bidra til å skape forståing for lokal historie og identitet
- samordne grind.no med andre kunnskapsressursar som finst i museum, arkiv og andre i kultur- og kulturminnesektoren i fylket
- samarbeide om formidlingstiltak med lokale aktørar som museum og arkiv, lokalaviser, andre kunnskapssenter (t.d. det nye Folgefonnssenteret) og reiseliv (t.d. samarbeidet med Solstrand hotell)

## Tiltak

- **Tilfang og samordning av innhald:** Etablere eit nettverk som og bidreg med innhald frå musea, arkiv, bibliotek og samlingar, i tillegg til å involvere lokale organisasjonar, historielag, turlag m.m.
- **Moglege tiltak:** Samarbeid i nettverket om å aktivisere og formidle innhald og historier gjennom:
  - Foredrag og arrangement
  - Bygde- og byvandringar
  - Samarbeid med lokalaviser om artiklar, presentasjonar og lokalt featurestoff
  - Geo caching (søk etter kunnskapsostar plassert i terrenget)

- Utstillingar
  - Vidare marknadsføring av grind.no og oppbygging av brukargrupper med hjelp av sosiale media , dvs. Facebook og Instagram
- **Lokalt eigarskap.** Å få til eit samarbeid med lokale aktørar er ein føresetnad for å gjennomføre mange av tiltaka. Grind kan bidra med m.a. innhald, ressurspersonar , marknadsføring i sosiale media, men ansvaret for gjennomføringa av einstilte arrangement og aktivitetar må ligge hos lokalt ansvarlege.

## Tidsplan

Prosjektet utviklast vidare regionvis ; Hardanger, Sunnhordland, Nordhordland, Voss og Midthordland i to steg; etablering av nettverk og samarbeid , deretter gjennomføring av tiltak . Prosjektet samordnast med ei planlagt satsing på utprøving av grind.no som digital ressurs i undervisninga; eit pilotprosjekt med utvalde vidaregåande skular i Hordaland.

## Kulturpolitisk og strategisk forankring

Hordaland fylkeskommune har gjennom fleire tiår arbeidd med dokumentasjon og formidling av kulturhistoria i samarbeid med UiB, fylkesmannen, arkiv-, musea og kulturminnesektoren. Samarbeidet om vegbøkene og no omforminga til digital format, har vore eit stor løft som vi no kan hauste av gjennom vidare utvikling og tilrettelegging. Denne satsinga er godt forankra både i Fylkeskommunen og UiB sine mål og strategiar.

### Kulturpolitiske mål for Hordaland Fylkeskommune

- *«Den teknologiske utviklinga gjev nye utfordringar og moglegheiter for digital formidling. Skjermen er ein kulturarena... Kulturlivet utviklar seg, og bruk av ny teknologi gjev nye moglegheiter»*
- *«Målsettinga er å utvikle infrastrukturen basert på kart, GPS-teknologi og nasjonale databaser slik at kunnskapskjeldene som allereie er produsert om kultur og kulturminne blir tilgjengelige gjennom mobile plattformer og kan utviklast vidare i vår digitale kvardag».*

REGIONAL KULTURPLAN FOR HORDALAND 2015-2025

Samla sett svarar grind-satsinga på dei fleste kriteria i Fylket sine kulturpolitiske mål ved at ho:

- har eit føremål som er strategisk og varig
- femnar over heile Hordaland
- har fagleg kvalitet , forankra i solide fagmiljø og er nyskapande
- er tverrfagleg og bygt på samarbeid på tvers
- er i tråd med mål om ein offensiv kulturpolitikk , mangfaldig , berekraftig , open og ytringsfremjande og integret i ulike samfunnsområde

### Strategisk plan for Universitetet i Bergen

Formidling av kunnskap og kompetanse er den tredje hovudoppgåva for Universitetet ved sidan av utdanning og forskning. Tilsvarande Fylket er det og i tråd med UiB sin strategi å følgje opp den

ålmenne etterspurnaden etter kunnskap og at han vert aktivt tatt i bruk av samfunnet. Her er digital formidling og ei viktig satsing.

- *«Digitalisering og bruk av ny teknologi fremjar innovasjon i både forskning, utdanning, formidling, forvaltning og administrasjon, og gjer kunnskapen og dei omfattande samlingane ved Universitetet i Bergen tilgjengelige for nye grupper i samfunnet. UiBs nettsider og nettbaserte tenester for god kommunikasjon med publikum, tilsette og studentar skal utviklast vidare».*

HAV, LIV, SAMFUNN. STRATEGI 2016-2022, UNIVERSITETET I BERGEN